

Møteprotokoll

Utval	Formannskapet
Møtestad	Rådhuset
Dato	15.04.2026
Tidspunkt	kl 09:00 - 12:35

Frammøtte	Parti
Gunn Beate Thorsnes Lefdal	AP
Oddstein Haugen	AP
Geir Arve Sandvik	H
Andreas Wollnick Wiese	SP
Kjetil Melheim	V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Jonatan Hurthi	Krf	Ole Martin Brennsæter	Krf
Marianne Bugge	SP	Knut Hauge	SP

Andre som møtte:

Kommunedirektør Jon Bolstad, ass. kommunedirektør Ole Gunnar Krakhellen.

Kommunalsjef oppvekst Knut Åge Teigen i sak 51.

Kommunalsjef helse- og omsorg John Olaf Røhme, i deler av sak 62.

Prosjektleder BuLust Lisa Kvålshaugen Bjærum i deler av sak 62.

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes i deler av sak 62.

Underskrifter:

Oddstein Haugen	Ole Martin Brennsæter
Andreas Wollnick Wiese ordfører	Jon Bolstad kommunedirektør

Saksliste

Saknr	Sakstittel
49/26	Konstituering av møte
50/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
51/26	Forskrift om skulekrinsar og tildeling av skuleplass i Luster kommune
52/26	Søknad om lån frå næringsfondet -driftsbygning til sau på gbnr. 111/2
53/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - heilårshytter - Sandvik Camping AS
54/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Oppgradering av drivstoffanlegg - Jostedal Handel AS
55/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Oppgradering av tilkomstveg og hytteområdet - Lyngmo Ungdomssenter AS
56/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Utvikling av nytt serverings- og cateringkonsept - Hafslo Bilsenter AS
57/26	Skjenkeløyve - NØRDSTEDALSETER AS
58/26	Søknad om skjenkeløyve for eigenprodusert sider - Veivåg Aase Epler
59/26	Val av ny varamedlem kontrollutvalet
60/26	Høyringsuttale frå Luster kommune - kommunekommisjonen sin fyrste delutgreiing
61/26	Kommunesamarbeid
62/26	Administrative orienteringar
63/26	Politiske drøftingar og open post
64/26	Referatsaker
65/26	Delegerte saker

49/26 Konstituering av møte

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

- Opprop: *Forfall Jonatan Hurthi og Marianne Bugge. Vara Ole Martin Brennsæter og Knut Hauge.*
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad.*
- Godkjenning av sakliste, *ingen merknad. Kommunedirektør gjorde merksam på behov for å informere i lukka møte, oppfølging av tidlegare saker med forretningsforhold.*
- Godkjenning av dagsorden, *ingen merknad.*
- Oddstein Haugen og Ole Martin Brennsæter vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. *Dei vart samrøystes valde.*

FSK - 49/26 vedtak

Oddstein Haugen og Ole Martin Brennsæter vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

50/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

FSK - 50/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 19.03.26 vert referert utan merknader.

51/26 Forskrift om skulekrinsar og tildeling av skuleplass i Luster kommune

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 51/26 vedtak

1. Formannskapet ber kommunedirektøren leggje ut framlegg om «Forskrift om skulekrinsar og tildeling av skuleplass i Luster kommune» til offentleg høyring i perioden 17. april – 29. mai 2026.
2. Etter høyringa ber Formannskapet kommunedirektøren om å leggje fram sak om «Forskrift om skulekrinsar og tildeling av skuleplass i Luster kommune» for Formannskapet 10. juni og for endeleg handsaming i kommunestyret 18. juni 2026.

52/26 Søknad om lån frå næringsfondet -driftsbygning til sau på gbnr. 111/2

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Saka går til kommunestyret til avgjerd.

FSK - 52/26 vedtak

Kommunestyret gjev eit næringslån i næringsfondet stort kr 878 000 til Erlend Fet. Lånet er rente- og avdragsfritt i to år, nedbetaling over dei 13 neste åra. Lånet har halve rentesatsen av øvrige næringslån i resten av perioden. Lånet skal sikrast med pant i eigedomen.

53/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - heilårshytter - Sandvik Camping AS

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 53/26 vedtak

Kommunestyret gjev Sandvik Camping AS eit næringslån i næringsfondet stort kr 1 300 000,- til bygging av 2 nye høgstandar hytter. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 13 år. Lånet er eit pantelån.

54/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Oppgradering av drivstoffanlegg - Jostedal Handel AS

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 54/26 vedtak

Formannskapet gjev Jostedal Handel AS eit næringslån i næringsfondet stort kr 200 000 til oppgradering av drivstoffsanlegg. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 13. år. Lånet er eit pantelån.

55/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Oppgradering av tilkomstveg og hytteområdet - Lyngmo Ungdomssenter AS

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Ole Martin Brennsæter gjekk frå som ugild etter forvaltningslova § 6.1 ledd nr e, styremedlem.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 55/26 vedtak

Kommunestyret gjev Lyngmo Ungdomssenter AS eit næringslån i næringsfondet stort kr 800 000,-. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 13 år. Lånet er eit pantelån.

56/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Utvikling av nytt serverings- og cateringkonsept - Hafslo Bilsenter AS

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Knut Hauge gjekk frå som ugild etter forvaltningslova § 6.1 ledd nr b, bror til part i saka. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 56/26 vedtak

Formannskapet gjev Hafslo Bilsenter AS eit næringslån i næringsfondet stort kr 500 000,- til ombygging og ferdigstilling av serveringslokale. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 13 år. Lånet er eit pantelån.

57/26 Skjenkeløyve - NØRDSTEDALSETER AS

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Framlegg frå Ole Martin Brennsæter, Krf.: Det vert gjeve skjenkeløyve i gruppe 1 og 2, ikkje i gruppe 3.

Kommunedirektøren si tilråding vart vedteken med 6 mot 1 røyst. Brennsæter røysta for eige framlegg.

FSK - 57/26 vedtak

1. Nørdstedalseter AS, med org.nr. 936629318, får innvilga skjenkeløyve for Nørdstedalseter DNT.
2. Skjenkeløyvet innandørs gjeld i spisestove, stove og resepsjon og gjeld for alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2 og 3. Utandørs gjeld løyvet terrasse og markert grasplating med benk.
3. Skjenketida inne for alkoholhaldig drikke i gruppe 1 og 2 er frå kl. 09.00 til 01.30, og for gruppe 3 frå kl. 13.00 til kl. 01.00. Ute skal all skjenking vera avslutta kl. 23.00.
4. Skjenkestyrar er Janne Walker Ørka og reservestyrar er Hans Ole Ørka.
5. Serveringsløyve må vera innvilga før skjenkeløyvet kan takast i bruk.
6. Skjenkeløyvet gjeld til 30. september 2028

58/26 Søknad om skjenkeløyve for eigenprodusert sider - Veivåg Aase Epler

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Formannskapet tildelar Veivåg Aase Epler ved Marte Veivåg-Aase med org.nr 928163601 skjenkeløyve for skjenking av eigenprodusert sider i gruppe 1 og 2.
2. Løyvet gjeld stue og spisestue våningshus (40 m2) pluss 2 etasje låve(65 m2). Skjenkeareal utandørs er terrasse rundt våningshuset (118 m2).
3. Skjenkestyrar er Marte Veivåg-Aase og reservestyrar er Hans Fredrik Bjarkøy.
4. Skjenketid innandørs er for gruppene 1 og 2 i tidsrommet kl 09.00 –01.30, for gruppe 3 i tidsrommet 13.00 –01.00. Skjenketid utandørs skal vera avslutta kl 23.00.
5. Serveringsløyve må vera innvilga før skjenkeløyvet kan takast i bruk. Det er ikkje søkt om serveringsløyve pr. no.
6. Løyvet gjeld til 30. september 2028.

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Det vart presisert i møtet at i pkt. 4 vert skjenketid for gruppe 3 teke bort i vedtaket. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 58/26 vedtak

1. Formannskapet tildelar Veivåg Aase Epler ved Marte Veivåg-Aase med org.nr 928163601 skjenkeløyve for skjenking av eigenprodusert sider i gruppe 1 og 2.
2. Løyvet gjeld stue og spisestue våningshus (40 m2) pluss 2 etasje låve(65 m2). Skjenkeareal utandørs er terrasse rundt våningshuset (118 m2).
3. Skjenkestyrar er Marte Veivåg-Aase og reservestyrar er Hans Fredrik Bjarkøy.
4. Skjenketid innandørs er for gruppene 1 og 2 i tidsrommet kl 09.00 –01.30. Skjenketid utandørs skal vera avslutta kl 23.00.
5. Serveringsløyve må vera innvilga før skjenkeløyvet kan takast i bruk. Det er ikkje søkt om serveringsløyve pr. no.
6. Løyvet gjeld til 30. september 2028.

59/26 Val av ny varamedlem kontrollutvalet

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Framlegg i møtet frå Kjetil Melheim:

Magnus Snøtun V vert vald som fyrste varamedlem i kontrollutvalet for gruppa AP, SV og V.
Jon Ove Lomheim V vert vald som tredje varamedlem i kontrollutvalet for gruppa AP, Sv og V.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FSK - 59/26 vedtak

Kommunestyret vel Magnus Snøtun V som fyrste varamedlem i kontrollutvalet for gruppa AP, SV og V.

Kommunestyret vel Jon Ove Lomheim V som tredje varamedlem i kontrollutvalet for gruppa AP, SV og V.

60/26 Høyringsuttale frå Luster kommune - kommunekommisjonen sin fyrste delutgreiing

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Kommunedirektøren informerte i møtet.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 60/26 vedtak

Formannskapet legg "Utkast Høyring frå Luster kommune" til grunn for høyringssvar på NOU 2026: 1 En berekraftig kommunesektor (kommisjonen si første delutgreiing)

61/26 Kommunesamarbeid

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Orientering:

- Sognatinget sitt møte i Vik den 13. april. Formannskapet drøfta vidaregåande skuletilbod.
- Fellesmøte Sysikt, NordHordaland og Nordfjord. Sognekommunane er ikkje i same ikt-samarbeid, og har ikkje lik programvare. Utvida kommunalt samarbeid er utfordrande når infrastrukturen ikkje er på plass.
- Luster deltek i eit samarbeidsprosjekt med Nord Hordaland om å ta i bruk KI, kunstig intelligens. Utviklingsarbeidet handlar om å kunne handtere eigne data på ein trygg måte.

FSK - 61/26 vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

62/26 Administrative orienteringar

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Orientering frå kommunedirektøren:

Orientering frå kommunedirektøren:

- Helse og omsorg 2030, sjå vedlagde presentasjon.
- Møte med NVE om flomsikring, sjå vedlagde presentasjon frå møtet.
- BuLustprosjektet, sjå vedlagde presentasjon
- Varslingsrutinar, sjå vedlagde presentasjon
- Overordna om økonomi, sjå vedlagde presentasjon.

Lukka del: Forretningstilhøve

Samrøystes vedtak: Møtet vert lukka med heimel i kommunelova § 11-5, tredje ledd pkt. b., jf. offentleglova § 23 fyrste ledd.

Kommunedirektøren informerte om forsinka innbetalingar på uteståande krav til kommunen, samt om prosess for å restrukturere eit selskap med næringslån.

I tillegg informerte kommunedirektør om mogeleg forhandlingsprosess for å sikre betre samla arrondering av eit mindre areal på Heggmyrane, i kommunal eige.

FSK - 62/26 vedtak

Administrasjonen tek med seg innspel frå møtet i det oppfølgjande arbeidet.

Kommunedirektøren får fullmakt til å forhandle om kjøp av areal – Heggmyrane.

63/26 Politiske drøftingar og open post

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Informasjon frå ordførar:

- Høyring - forslag til forskrift om cruiseavgift. Ordførar informerte om at det er ønskeleg å handsame denne høyringssaka politisk. Innspel i møtet om å sjå til USS si handsaming av saka.
- Utbetringstiltak Gaupne - Skjolden, sjå vedlagde presentasjon. Ordførar informerte om at det blir jobba vidare for å få gjennomført tiltak som er nemnde i presentasjonen.

Open post:

- Habilitet, innspel til administrasjonen om at det kan vere nyttig med ei oppfrisking av reglane kring habilitet.
- Massetransport Jamnene transformatorstasjon, jf. framlagt referatsak. Har kommunen fått svar på brev til Statnett?
Administrasjonen informerte om at kommunen har fått svar frå WSP, som utfører jobb for Statnett. Det er større behov for tilførsel av eksterne kvalitetsmassar tilkøyrte frå Gaupne og Kaupanger. Kommunen vil få ein ny transportplan og det vil bli gjennomført møte mellom Luster kommune, Vestland fylkeskommune og WSP i saka.

FSK - 63/26 vedtak

Administrasjonen tek med seg innspel frå møtet i det oppfølgjande arbeidet.

64/26 Referatsaker

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Referatsakene vart vist i møtet. 2 av sakene vart drøfta i sak 63.

FSK - 64/26 vedtak

Referatsaker vert tekne til orientering.

65/26 Delegerte saker

Kommunedirektøren si tilråding:

Informasjon om delegerte saker vert teken til orientering.

Formannskapet 15.04.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad/spørsmål til dei delegerte sakene.

FSK - 65/26 vedtak

Informasjon om delegert saker vert teken til orientering.